



---

**Utval:** Fellesnemnd Nye Øygarden kommune  
**Stad:** Skjenet 2, møterom i andre etasje  
**Dato:** 11.12.2017  
**Tid:** 09:00 - 12:00

---

**Medlemer som møtte:**

Kari-Anne Landro	Leiar
Marianne Sandahl Bjorøy	Nestleiar
Børge Haugetun	Nestleiar
Egil Haaland	Medlem
Tom Georg Indrevik	Medlem
Ernst Morten Einarsen	Medlem
Odd Bjarne Skogestad	Medlem
Svein Petter Bergh	Medlem
Nils Kåre Skoge	Medlem
May Elin Limevåg	Medlem
Jogeir Sognnæs	Medlem
Silvia Haugland	Medlem
Espen Harketstad	Medlem
Ingrid Marie Toft	Medlem

---

**Forfall:**

Anita Garlid Johannessen	MEDL
Kjell Arve Vorland	MEDL
Olav Kobbeltveit	MEDL (ikkje meldt)

---

**Varamedlemer som møtte:**

Daniel-Victor Sandvik  
Ørjan Telle

---

**Andre:**

Paul J. Manger prosjektleiar, Kjetil Århus direktør digitalisering og innovasjon Bergen kommune, Sølvi Fotland Spilde møtesekretær

---

Børge Haugetun

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjorøy

underskrifter

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 39/17	Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll
PS 40/17	Referatsaker og orienteringar - 11.12.17
RS 3/17	Referat - møte i partssamansett utval 21.11.2017
PS 41/17	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda - 11.12.17
PS 42/17	Partssamansett utval - val av politiske varamedlemmer
PS 43/17	Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2018-2019, og årsprognose økonomi per november 2017
PS 44/17	Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd
PS 45/17	Korleis sikre ein god samanslåingsprosess? - Tilbakemelding og konkretisering av suksesskriterium
PS 46/17	Arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet
PS 47/17	Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 11.desember 2017

## PS 39/17 Godkjenning av innkalling, saksliste og protokoll

### Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:

Fellesnemnda vart sett med 16 medlemmer. Umeldt forfall: Olav Kobbeltveit.

Innkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.

Til protokoll frå førre møte hadde leiar Kari-Anne Landro følgjande merknad til sak 30/17 og orientering om møte i utval for politisk styringsstruktur:

*I orienteringa vart det av leiar for utvalet, Marianne Sandahl BJORØY, informert om at utvalet i sitt første møte diskuterte moglege justeringar i intensjonsavtalen sitt organisasjonskart, særleg med tanke på reduksjon av tal utval frå fire til tre eller to, i tillegg til formannskap. Leiar ber om stadfesting frå fellesnemnda om det er godkjent at utvalet går utover sitt mandat og ser på fleire alternativ enn fire utval. Alle alternativ vil bli drøfta grundig med fordeler og ulemper.*

Fellesnemnda var samrøystes i å gje ei godkjenning for utvalet til å gå utover sitt mandat i vurdering av tal utval for den nye kommunen.

### Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:

Innkalling, saksliste og protokoll vart godkjent.

Det vart godkjent at utval for politisk styringsstruktur får fullmakt til å gå utover sitt mandat og kan, i tillegg til fire politiske utval, også vurdere andre alternativ for politisk organisering av den nye kommunen.

## **PS 40/17 Referatsaker og orienteringar - 11.12.17**

### **Orienteringar**

- 09:00 – 09:45 – presentasjon om digitalisering og kommunar, nasjonalt og regionalt v/ Kjetil Århus, direktør for digitalisering og innovasjon i Bergen kommune.
- Status frå prosjektleiar Paul J. Manger.
- Informasjon om administrativ arbeidsgruppe for ny matrikkel v/ prosjektleiar Paul J. Manger.

### **Referatsaker**

- RS 3/17 Referat frå møte i partsamansett 21. november 2017
- Oppdatert møteplan 2018 for oppnemnte utval (vedlegg)
- Brev frå fylkesmannen om fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar (vedlegg)

## **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

### **Orienteringar**

- Orientering om digitalisering knytt til kommunar, nasjonalt og regionalt v/ Kjetil Århus, direktør for digitalisering og innovasjon i Bergen kommune  
Han poengterte kor viktig det er med styring og samordning av digitalisering i offentlig sektor. Kommunane står sterkare saman. Det vart særskilt vist til KS sin finansieringsordning for eit digitaliseringsprosjekt, kor omlag 100 kommunar har sagt ja til å delta, inkludert Nye Øygarden kommune. Det vart vidare vist til ulike område og eksempel i offentlig sektor kor det vert jobba med digitalisering som t.d. helsesektoren, NAV, plan, bygg og geodata.
- Status frå prosjektleiar Paul J. Manger.
  - Det har vore mykje møteverksemd i dei siste tre vekene og mykje tid har gått til møte- og saksførebuing.
  - Utvala som skal sjå på politisk styringsstruktur og eigarskap har hatt møte – dei har ein god progresjon.
  - Arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet har konstituert seg.
  - Arbeidsgruppe for omstillingsavtale skal ha sitt første møte på onsdag.
  - Arbeidet med administrativ organisasjonsmodell er påbegynt – Skal vere klar i løpet av 1. kvartal 2018.
  - Kontakt med andre kommunar – deling av kunnskap.
  - Informasjonsbrosjyre er delt ut til alle husstandar.
- Informasjon om administrativ arbeidsgruppe for ny matrikkel v/ prosjektleiar Paul J. Manger. Eit stort prosjekt som skal starte opp i samsvar med Kartverket sin prosjektplan for arbeid med ny matrikkel i nye kommunar. Regionalt samarbeid er viktig. Eit møte i regi av Bergen kommune tidlig i januar vil sette søkelyset på arbeidet.

### **Referatsaker**

- RS 3/17 Referat frå møte i partsamansett 21. november 2017
- Oppdatert møteplan 2018 for oppnemnte utval (vedlegg)

- Brev frå fylkesmannen om fråsegn til kommunane sine budsjett og økonomiplanar (vedlegg)

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Orienteringar og referatsaker vart tekne til orientering.

### **RS 3/17 Referat - møte i partssamansett utval 21.11.2017**

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Referatsaka vart teken til orientering.

### **PS 41/17 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda - 11.12.17**

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Ingen spørsmål til fellesnemnda.

### **PS 42/17 Partssamansett utval - val av politiske varamedlemmer**

#### **Innstilling:**

Partssamansett utval skal ha følgjande personlege varamedlemmer frå fellesnemnda:

#### Frå Fjell

- **Vara** for *Marianne Sandahl Bjorøy*: .....
- **Vara** for *Tom Georg Indrevik*: .....
- **Vara** for *Anita G. Johannessen*: .....

#### Frå Sund

- **Vara** for *Kari-Anne Landro*: .....
- **Vara** for *Nils Kåre Skoge*: .....
- **Vara** for *Jogeir Sognæs*: .....

#### Frå Øygarden

- **Vara** for *Børge Haugetun*: .....
- **Vara** for *Silvia Haugland*: .....
- **Vara** for *Espen Harkestad*: .....

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleder

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Valnemnda la fram følgjande forslag til varamedlemmer til partssamansett utval:

*Frå Fjell – personlege varamedlemmer:*

- *Vara for Marianne Sandahl Bjorøy:* Egil Haaland
- *Vara for Tom Georg Indrevik:* Ernst Einarsen
- *Vara for Anita G. Johannessen:* Svein P. Bergh

*Frå Sund – numeriske vara i to grupper:*

**H/FrP/V:**

1. *May Elin Limevåg*
2. *Jørgen Kausland*
3. *Elizabeth Toft Erichsen*

**AP/SV:**

1. *Kjell Arve Vorland*
2. *Ørjan Telle*

*Frå Øygarden – personlege varamedlemmer:*

- *Vara for Børge Haugetun:* Atle Dåvøy
- *Vara for Silvia Haugland:* Birgitte Alvheim Sjo
- *Vara for Espen Harketstad:* Solveig Grepperud

Framlegget til varamedlemmer for partssamansett utval vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Partssamansett utval skal ha følgjande varamedlemmer frå fellesnemnda:

**Frå Fjell – personlege varamedlemmer:**

- **Vara for Marianne Sandahl Bjorøy:** Egil Haaland
- **Vara for Tom Georg Indrevik:** Ernst Einarsen
- **Vara for Anita G. Johannessen:** Svein P. Bergh

**Frå Sund – numeriske vara i to grupper:**

**H/FrP/V:**

1. *May Elin Limevåg*
2. *Jørgen Kausland*
3. *Elizabeth Toft Erichsen*

**AP/SV:**

1. *Kjell Arve Vorland*
2. *Ørjan Telle*

**Frå Øygarden – personlege varamedlemmer:**

- **Vara for Børge Haugetun:** Atle Dåvøy
- **Vara for Silvia Haugland:** Birgitte Alvheim Sjo
- **Vara for Espen Harketstad:** Solveig Grepperud

## **PS 43/17 Budsjett for fellesnemnda, prosjektperioden 2018-2019, og årsprognose økonomi per november 2017**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda tar årsprognose 2017 til orientering. Fellesnemnda godkjenner framlegg til budsjett for fellesnemnda for åra 2018 og 2019. Budsjettet vert tatt opp til vurdering og revidering gjennom prosjektperioden.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleder

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Saka vart drøfta og prosjektleder svara på spørsmål.

Tom Georg Indrevik presenterte eit **framlegg til vedtak** som etter ei drøfting vart justert noko, med slikt resultat:

1. *Fellesnemnda tar årsprognose 2017 til orientering.*
2. *Fellesnemnda vedtek budsjettet for 2018 slik det er presentert.*
3. *Fellesnemnda ber om at det innan 1. april 2018 blir lagt frem følgjande:*
  - a. *Revidert budsjett for prosjektperioden*
  - b. *Prinsippavklaring når gjeld grensesnitt mellom prosjektøkonomi og driftsøkonomi i dei eksisterande kommunane, til dømes kostnadsføring av personell som blir avgitt frå kommunane.*

Framlegget vart stemt opp mot innstillinga slik:

Innstillinga fekk ingen stemmer og fall.

Framlegget fekk 16 stemmer og vart vedteke.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

1. Fellesnemnda tar årsprognose 2017 til orientering.
2. Fellesnemnda vedtek budsjettet for 2018 slik det er presentert.
3. Fellesnemnda ber om at det innan 1. april 2018 blir lagt frem følgjande:
  - a. Revidert budsjett for prosjektperioden
  - b. Prinsippavklaring når gjeld grensesnitt mellom prosjektøkonomi og driftsøkonomi i dei eksisterande kommunane, til dømes kostnadsføring av personell som blir avgitt frå kommunane.

## **PS 44/17 Søknad frå kyrkjeleg fellesnemnd**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda løyver kr 300 000 i 2018 og kr 300 000 i 2019 til kyrkjeleg fellesnemnd som tilskot til arbeidet med å slå saman og etablere ein ny kyrkjeleg fellesorganisasjon for Nye Øygarden kommune.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleder

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Det vart fremja utsettingsforslag frå Odd Bjarne Skogestad då saka vart teken opp til behandling. Fellesnemnda drøfta utsetting og det vart lagt fram to forslag til vedtak:

#### **Framlegg frå Odd Bjarne Skogestad:**

*Saka vert utsett til neste møte i fellesnemnda. Dei tre ordførarane og prosjektleder tek i mellomtida initiativ til eit møte med leiinga for den kyrkjelege fellesnemnda. Her skal ein drøfte dei økonomiske utfordringane som den kyrkjelege nemnda har med tanke på å få til ein god prosess og eit godt resultat for samanslåinga av dei tre kyrkjelege fellesråda.*

#### **Framlegg frå leiar Kari-Anne Landro:**

*Saka vert utsett til neste møte i fellesnemnda for meir utdjuping om kva som ligg til grunn for tilrådinga til prosjektleder. Fellesnemnda føreset at prosjektleder har dialog med kyrkjeleg fellesnemnd ved behov og det er naturleg at prosjektleder orienterer leiinga for den kyrkjelege fellesnemnda om den utvida grunngevinga for sitt framlegg, før saka går tilbake til fellesnemnda for avgjerd.*

Utsettingsframlegga vart sett opp mot kvarandre og stemt over slik:

Framlegget frå Odd Bjarne Skogestad fekk 4 stemmer og fall.

Framlegget frå Kari-Anne Landro fekk 12 stemmer og vart vedteke.

Mindretalet: 1 KrF, 1 FrP og 2 Høgre.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Saka vert utsett til neste møte i fellesnemnda for meir utdjuping om kva som ligg til grunn for tilrådinga til prosjektleder. Fellesnemnda føreset at prosjektleder har dialog med kyrkjeleg fellesnemnd ved behov og det er naturleg at prosjektleder orienterer leiinga for den kyrkjelege fellesnemnda om den utvida grunngevinga for sitt framlegg, før saka går tilbake til fellesnemnda for avgjerd.

## **PS 45/17 Korleis sikre ein god samanslåingsprosess? - Tilbakemelding og konkretisering av suksesskriterium**

#### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda tek statusoppdatering til orientering.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektleder konkretiserer innhaldet i suksesskriteria ved å utarbeida måleindikatorar for kvart suksesskriterium.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleder

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

1. Fellesnemnda tek statusoppdatering til orientering.
2. Fellesnemnda ber om at prosjektleder konkretiserer innhaldet i suksesskriteria ved å utarbeida måleindikatorar for kvart suksesskriterium.

**PS 46/17 Arbeidsgruppe for lokaldemokrati og identitet**

**Innstilling:**

1. Fellesnemnda tar saka til orientering, med følgjande tilleggsmerknader basert på tiltak og spørsmål presentert i saka.
  - a) .....
  - b) .....
  - c) .....
2. Fellesnemnda ber om at arbeidsgruppa utarbeider eit framlegg til mandat for arbeidet med lokaldemokrati og identitet. Framlegg til mandat skal òg innehalde eit budsjett for arbeidet som skal gjerast av arbeidsgruppa i tidsperioden desember 2017 - november 2018. Framlegg til mandat vert lagt fram for fellesnemnda i møte 22. januar 2018.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleder

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Saka vart drøfta med ulike munnlege innspel til arbeidsgruppa som:

- Samarbeid med organisasjonar, t.d. turlag, Aktiv+ og Treff+
- Felles kystpass



- Øygardengenser
- Lokale festivalar
- Samarbeid med kyrkja
- Kommunesong, t.d «Songen frå vest»

Innstillinga vart samrøystes vedteken utan konkretiserte tilleggsmerknadar i vedtaket.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

1. Fellesnemnda tek saka til orientering, med følgjande tilleggsmerknader basert på tiltak og spørsmål presentert i saka.
2. Fellesnemnda ber om at arbeidsgruppa utarbeider eit framlegg til mandat for arbeidet med lokaldemokrati og identitet. Framlegg til mandat skal òg innehalde eit budsjett for arbeidet som skal gjerast av arbeidsgruppa i tidsperioden desember 2017 - november 2018. Framlegg til mandat vert lagt fram for fellesnemnda i møte 22. januar 2018.

### **PS 47/17 Milepelsplan for prosjekt Nye Øygarden kommune - oppdatering til møte i Fellesnemnda 11.desember 2017**

#### **Innstilling:**

Fellesnemnda tek endringar og korrigeringar i milepelsplanen til orientering.

Straume, den 04.12.2017

Paul J. Manger  
Prosjektleiar

#### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 11.12.2017:**

Fellesnemnda tek endringar og korrigeringar i milepelsplanen til orientering.